

Spørsmål og svar til Etne, oktober 2018

1. Kva for endringar får eg som ny kunde hos BKK Nett?

Svar: Ditt nettkundeforhold i Etne EI-lag vert automatisk overført til BKK Nett. Avtalen du har med kraftleverandøren din vert ikkje påverka av at du vert kunde hos BKK Nett, og du trenger difor ikkje gjera noko som følgje av at du får ny nettleverandør.

2. Kva for endringar får eg som ny kunde i Fjordkraft?

Svar: Straumkundar i Etne som har hatt Etne Elektrisitetslag som straumleverandør, vil få Fjordkraft som ny straumleverandør. Som kunde i Fjordkraft får du samme straumavtale som du har hatt tidlegare. Det vert difor ingen endringar, anna enn at du no vil få fakturaen frå Fjordkraft. Fakturaen frå Fjordkraft vil gjelda både nettleige og straum. Dermed får du framleis berre **ein** faktura.

3. Må eg framleis lesa av straummålaren?

Svar: Dersom du måtte lesa av straummålaren din som kunde i Etne EI-lag, så må du framleis gjera det. Vi jobbar for at alle målarane skal bli lest av automatisk, men er ikkje heilt i mål med dette enno. Målarstanden er grunnlaget for din faktura.

4. Kva tid vil den nye nettleiga gjelda frå?

Svar: Nettleiga til BKK Nett vil gjelda frå 5. november 2018. Då vil både fastleddet og nettleige pr kilowatttime (kWh) gå ned.

5. Kva blir den nye nettleiga?

Svar: For privatkundar blir det årlege fastbeløpet 2 050 kroner, og prisen per kilowatttime (kWh) 42,475 øre. Dersom du vert avrekna etter effekt (hovudsikring større eller lik 125 A) eller har andre tariffar, finn du informasjon om den nye nettleige på våre nettsider www.bkk.no. Prisen på kraft vil framleis vera den samme.

6. Korleis vert eg fakturert for straum?

Svar:

Dersom du er straumkunde i FK:

Nettleige og straumforbruk for september månad vert fakturert av BKK AS. Faktura vert sendt 29. oktober. Faktura for straum og nett forbrukt i oktober vil du motta den andre veka i november. Deretter vil Fjordkraft senda faktura til deg for straum og nettleige. Denne fakturaen frå Fjordkraft kjem i desember. Deretter vil du motta faktura kvar månad.

Dersom du har ein annan straumleverandør enn Fjordkraft:

Om du har ein annan straumleverandør enn Fjordkraft, vil denne straumleverandøren fakturera deg for straumforbruket ditt. Dersom straumleverandøren ynskjer det, vil han og kunne fakturera nettleige slik at du berre får ein faktura.

7. Kor kan eg ringa for å få hjelp til kundeforholdet mitt i BKK?

Svar: Du skal framleis ringe tlf. 53 77 11 55 som er nummeret vårt i Etne. Du kan og koma innom oss, eller du kan sende oss e-post på adressen etne-kundekontakt@bkk.no.

8. Kor skal eg melda inn straumbrot?

Svar: Inntil vidare kan du melda inn straumbrot som skjer i Etne på vanleg måte.

9. Korleis vil BKK syta for forsyningstryggleik og beredskap lokalt i Etne?

Svar: BKK skal syta for ein beredskap i Etne som er minst like god som den er i dag. Vi vil fortsetja vaktordninga som er i dag. Vert det naudsynt i særskilde høve, kan vi og styrkje beredskapen med fleire ressursar.

10. Kva skjer med fiberverksemda?

Svar: Fiberverksemda i Etne held fram, men no i eit felles selskap med tidlegare Tysnes Breiband. Det nye selskapet heiter BKK Breiband. Vi skal framleis levera Altibox til kundane våre.

11. Vi ynskjer å søkja om økonomisk støtte frå dei særskilde sponsormidlane frå BKK (kr 500.000 i 2018). Korleis går ein fram for å søkja?

Søknad skjer elektronisk. Søknadsskjema finn du på bkk.no/etne. På Facebook-sidene til Etne El-lag og BKK finn du omtale og av sponsorordninga og link til søknadsskjemaet. Sponsorordninga vert også kunngjort i Grannar. Ordninga vert lansert seinast den i byrjinga på november. Søknadsfrist kjem vi attende til. Det vert opp til styret i Etne Elektrisitetslag å avgjera kven som vert tildelt støttemidlar. Tildeling skjer midt i desember, vi vil offentliggjere eksakt dato seinare. Lag og organisasjonar kan også søkja om støtte frå ordninga Sosial Energi på bkk.no/sosialenergi. I tillegg kan idrettslag søkja om støtte til nye draktsett.